



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201109634
Arkivnr. 760
Sakshandsamar Rødseth, Marit

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	10.11.11	205/11

FRÅSEGN - NOU 2011:15 ROM FOR ALLE - EN SOSIAL BOLIGPOLITIKK FOR FREMTIDEN

Fylkesutvalet 10.11.11

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. NOU 2011:15 Rom for alle - stør på ein god måte opp under ein heilskapleg velferdspolitik der arbeid, helse, utdanning og bustad må spele saman for å sikre individa gode levekår.
2. Fylkesutvalet påpeikar at det er trong for å sjå økonomiske verkemiddel innan bustadpolitikken i ein samanheng der også skatt vert vurdert.
3. Ein vel fungerande leigemarknad i heile landet kan sikre fleksibilitet i arbeidsmarknaden, valfridom og livskvalitet i ulike fasar. Oppfølginga bør leggje større vekt på leigemarknaden.
4. Kommunal og regional planlegging som verkemiddel i bustadforsyninga er lite drøfta i NOU-en og bør vurderast grundigare. Fylkeskommunen si rolle kan utviklast i forhold til både rettleiing og planlegging.
5. Husbanken si framtidige rolle som samordnar mellom ulike statlege organ bør drøftast nærare og sjåast i eit større perspektiv som omfattar statlege bankar sin funksjon.
6. Øyremerking av statlege midlar og lovfesting av individuelle rettar kan skape uheldige løysingar i eit lokalt perspektiv. Utvalet sine forslag om større fleksibilitet og meir samordning er positive sett i det same perspektivet.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 11. november 2011

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND
Mildrid Bertelsen



Arkivsak 201109634-2
Arkivnr. 760
Saksh. Rødseth, Marit

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet	10.11.2011

FRÅSEGN - NOU 2011:15 ROM FOR ALLE - EN SOSIAL BOLIGPOLITIKK FOR FREMTIDEN


SAMANDRAG

NOU 2011:15 Rom for alle – en sosial boligpolitikk for framtiden inneheld ei rekkje forslag om korleis arbeidet med ein sosial bustadpolitikk kan styrkast. Fylkeskommunen har i dag få direkte oppgåver innanfor dette feltet og utgreiinga vil difor ikkje bli grundig presentert. Fylkesrådmannen knyter kommentarar til utvalde kapittel. Fylkesrådmannen er samd i at arbeid, utdanning og helse saman med bustad utgjer hovudelementa i velferdspolitikken og må sjåast i samanheng. Fylkesrådmannen meiner det er ein svakheit i mandatet at den sosiale delen blir vurdert uavhengig av bustadforsyning generelt og skattesystemet spesielt. Utvalets utgreiing har også ein svakheit i manglande drøfting av plansystemet sin rolle og fylkeskommunen sine oppgåver. Fylkesrådmannen er skeptisk til auka bruk av øyremerking av midlar frå stat til kommune og lovfesting av individuelle rettar som bind kommunale heilheitsvurderingar. Fylkesrådmannen vil at alternativ til auka omfang av kommunal forvaltning av statlege ressursar og Husbankens rolle i dagens samfunn bør vurderast i eit større perspektiv.

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1 NOU 2011:15 Rom for alle - stør på ein god måte opp under ein heilheitleg velferdspolitik der arbeid, helse, utdanning og bustad må spela saman for å sikre individa gode levekår.
- 2 Fylkesutvalet påpeikar at det er trong for å sjå økonomiske verkemiddel innan bustadpolitikken i ein samanheng der også skatt vert vurdert.
- 3 Ein vel fungerande leigemarknad i heile landet kan sikre fleksibilitet i arbeidsmarknaden, valfridom og livskvalitet i ulike fasar. Oppfølginga bør leggja større vekt på leigemarknaden.

- 4 Kommunal og regional planlegging som verkemiddel i bustadforsyninga er lite drøfta i NOUen og bør vurderast grundigare. Fylkeskommunen sin rolle kan utviklast i forhold til både rettleiing og planlegging.
- 5 Husbanken sin framtidige rolle som samordnar mellom ulike statlege organ bør drøftas nærare og sjåast i eit større perspektiv som omfattar statlege bankar sin funksjon.
- 6 Øyremerking av statlege midlar og lovfesting av individuelle rettar kan skapa uheldige løysingar i eit lokalt perspektiv. Utvalet sine forslag om større fleksibilitet og meir samordning er positive sett i det same perspektivet.



Paul M. Nilsen
Fylkesrådmann



Jan Per Styve
Regionaldirektør

NOU 2011:15 Rom for alle :

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/nouer/2011/nou-2011-15.html?id=650426>

Bakgrunn

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt NOU 2011:15 Rom for alle – en sosial boligpolitikk for fremtiden på høring mellom anna til fylkeskommunane. NOUen er utarbeidd av eit utval oppnemnt av Regjeringa 21.mai 2010. Fylkesutvalet kan gje fråsegn til NOUen etter gjeldande delegasjonsreglement.

Mandat:

Utvalet har hatt som mandat å vurdere sentrale oppgåver i den sosiale bustadpolitikken. Mandatet omfatta ei nærare vurdering av rollefordeling, bustadbehov, utleigemarknaden, bustadløyse, bustaden som ramme for born sine oppvekstvilkår og kartlegging av ressursbruk. Utvalet kunne også ta opp andre problemstillingar som dei fant relevant.

Utvalet sine forslag

Utvalet foreslår ei rekkje tiltak innan alle mandatområda. Utgreiinga er lagt ved som link til denne saka. Kapittel 2 inneheld eit samandrag og kap 13.9 eit samla oversyn over tiltak. Fylkeskommunen har i dag ingen direkte verkemiddel innafor dette feltet. I denne saka vil det bli lagt vekt på å drøfte utvalet sitt arbeid i lys av erfaringar frå arbeid med bustadspørsmål i ein regional kontekst i Hordaland og fylkeskommunen sin rolle generelt. Nokre tema i utgreiinga vil bli nærare presentert og kommentert kortfatta.

Vurdering

Heilheitleg velferdspolitikk

Utvalet påpeikar den sterke koplinga som er mellom arbeid, utdanning, helse og bustad i velferdspolitikken.

Utvalet sitt utgangspunkt er logisk og naturleg. Utan å sikre alle desse hovudpillarane inn mot einskildindividua, vil det vera problematisk å få tilstrekkeleg resultat og god ressursutnytting innan velferdsområdet.

Økonomsike verkemiddel og skatt

Utvalet slår fast at spørsmålet om bustadrelatert skatt har stor verknad for også den sosiale delen av bustadbygginga. Men sidan dette er utanfor mandatet, blir spørsmålet ikkje vurdert i samheng med sosial bustadforsyning.

Det er anslått at fráver av bustadskatt anten som fråtrekk av renteutgifter eller manglande skattlegging av verdiauke utgjer opp i mot 60-70 milliardar årleg. Dette kjem først og fremst busette i pressområde i sentrale strok og høginntektsgrupper til gode. Det er difor ein svakheit i utvalsarbeidet at ein ikkje ser heilskapen i bustadforsyninga og fleire verkemiddel under eitt. Skattleggingsregimet kan gjera fleire til hjelpetrengande enn naudsynt og skapa unødige behov for offentlege tiltak.

Leigemarknaden

Utvalet viser til at Noreg har ein svært høg andel sjølveigarar, rundt 85%, samanlikna med andre relevante land. Likevel tilrår utvalet at andelen aukast, mellom anna for at fleire skal nyte godt av skattefordelane.

Kor stor leigeandelen bør vera bør drøftast nøyare. Det er behov for velfridom og fleksibilitet i bustadmarknaden. Robust arbeidsmarknad og behov for kompetanseutvikling krev ein velfungerande leigemarknad i heile landet. Prosjektet Flytt til Hardanger har til dømes erkjent at utleigebustader spelar ei viktig rolle for tilflytting. Kompetansearbeidsplassar i distriktet vil vera lettare å fylla gjennom gode utleigebustader, slik som utvalet for kompetansearbeidsplassar i distriktet også foreslår. Likeeins vil det vera behov for leigebustader i overgangsfasar i ungdomstida, ved familieoppløysing og ved overgang til omsorgsbustader. Kor stor andel dette utgjer bør vurderast nærare. Likeeins korleis ein kan få utleigemarknaden til å fungera betre både i sentrale strok og i distrikta.

Plansystemet og bustadforsyning

Utvalet påpeikar samanhengen mellom kommunal planlegging i form av kommunal planstrategi, samfunnsplanlegging og arealplanlegging. Det blir vist til trongen for rask handsaming av reguleringsplanar og byggesaker.

Utvalet tar lett på plansystemet sin rolle i bustadforsyninga. Kommunal planlegging kan påverke både pris og kvalitet på bustader. I mange vestlege land er det vanleg at det blir gitt sentrale føringar for kor mange bustader det må planleggjast for. Samstundes blir det også gjerne stilt krav om andel bustader for låginntektsgrupper i bustadområda. I det norske plansystemet er dette fråverande. Ingen regionale instansar har ei klårt definert oppgåve i å sjå til at bustadplanlegginga er tilfredsstillande i kommunane sett i eit regionalt perspektiv. Fylkeskommunen kan i prinsippet ta dette opp som del av den regionale planlegginga. Som del av samordna areal- og transportplanlegging vil det vera heilt sentralt å lokalisera og dimensjonera bustadområda på ein berekraftig måte.

I praksis kan kommunane i pressområde styra befolkningssamansetjinga gjennom bustadplanlegginga. Dette er ikkje drøfta i NOUen og bør vurderast i den vidare oppfølginga. Fylkeskommunen kan vera eit naturleg utgangspunkt for å styrka bustadarbeidet på regionalt og kommunalt nivå.

Husbanken

Husbanken er tiltenkt ei styrka rolle og mellom anna bli ein samordnar for statlege organ inn mot bustadspørsmål i kommunane. Fleire økonomiske verkemiddel blir foreslått styrka. Rettleiingsrolla overfor kommunar og utbyggjarar skal oppretthaldast.

Husbanken har sidan attreisinga etter krigen endra fokus frå ein allmenn finansieringskjelde for private bustadhus, til finansiering av spesielle grupper, funksjonar eller tilpassingar. Kommunar spelar ei sterkare rolle som både kunde i Husbanken og lokal formidlar av banktenester.

Utvalet konkluderer, utan i særleg grad å drøfte alternativ, med å forsterka noverande rolledeling. Kommunane får dermed enno større krav på seg til å ha ressursar og kompetanse innan bustadforsyning. Det er naturleg at kommunane tek seg av tenester som er retta mot einskildpersonar med sosiale behov. Men det bør vurderast om andre tiltak kan redusera behovet for sterk intervensjon inn mot einskildpersonar. Det er grunn til å frykte ulikskap mellom kommunane når det gjeld vesentlege velferdstiltak dersom dette blir trappa opp.

Generelt om verkemiddel

Utvalet forslår styrking av ei rekkje øymerka verkemiddel og lovfesting av rettar. Samstundes påpeikar utvalet behov for fleksibilitet mellom ordningane.

Kommunesektoren vil vera skeptisk til tiltak som medfører auka bruk av øymerka overføringar og lovfesting av rettar. Når det gjeld forslaga som inneber større fleksibilitet og samordning mellom ulike verkemiddel må ein sjå på dette som positivt.

Oppsummering

NOU 2011:15 Rom for alle – en sosial boligpolitikk for framtiden innheld ei rekkje forslag om korleis arbeidet med ein sosial bustadpolitikk kan styrkast. Fylkeskommunen har i dag få direkte oppgåver innanfor dette feltet. Fylkesrådmannen er samd i at arbeid, utdanning og helse saman med bustad utgjer hovudelementa i velferdspolitikken og må sjåast i samanheng. Fylkesrådmannen meiner det er ein svakheit i mandatet at den sosiale delen blir vurdert uavhengig av bustadforsyning generelt og skattesystemet spesielt. Utvalets utgreiing har også ein svakheit i manglande drøfting av plansystemet sin rolle og fylkeskommunen sine oppgåver. Fylkesrådmannen er skeptisk til øymerking av midlar og lovfesting av rettar. Fylkesrådmannen vil at alternativ til auka krav til kommunal forvaltning av statlege ressursar og Husbankens rolle bør vurderast.